



2. tertial 2017

Økonomistatus for Kvam herad per 2. tertial 2017

Kommunelova §47 omhandlar årsbudsjettet si binding for underordna organ i 1. ledd.

2. ledd seier at dersom det skjer endringar i løpet av budsjettåret som kan få påverknad for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjer på, skal administrasjonssjefen gje melding til heradsstyret.

3. ledd seier at dersom heradsstyret får ei slik melding, skal det føreta nødvendige endringar i budsjettet. Det same gjeld når heradsstyret på annan måte vert kjend med forhold som kan medføre vesentleg svikt i inntektene eller vesentleg auke i utgiftene i høve budsjettet.

Innhald

1	Endringar i driftsbudsjett	3
1.1	Risikovurdering av driftsbudsjett	4
2	Endringar i investeringsbudsjett	8
3	Balansevurderingar	9
4	Søknadar om støtte	10
5	Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden januar - august.....	10
6	Økonomisk hovudoversikt - drift.....	11
7	Skjema 1A.....	13
8	Skjema 1B.....	14
8.1	Fordeling per Kostra-tema, ekskl. sosiale kostnader og avskrivning	14
8.2	Fordeling per Kostra-tema, sosiale kostnader og avskrivning	15
9	Økonomisk hovudoversikt - investering	16
10	Skjema 2A.....	18
11	Skjema 2B.....	18
11.1	Investeringar utan prosjekt.....	18
11.2	Nye investeringsprosjekt	18
11.3	Aktive investeringsprosjekt.....	19
11.4	Aktive skule- og barnehageprosjekt	19
11.5	Aktive VA-prosjekt	20
12	Statuskommentar til budsjettvedtak, HST-108/16	21
13	Vedlegg.....	27

1 Endringar i driftsbudsjett

Etter ei nedjustering av dei statlege inntektene i 1. tertial, kan kommunen justera opp inntektene på kraftsal, utbytte og tilskot i 2. tertial. Totalt er netto driftsresultat auka med 5,8 mnok til 9,7 mnok.

På grunn av høgare kraftprisar enn budsjettert, er netto overskot frå heimfallskraft auka med 1,6 mnok og konsesjonskraft med 3,8 mnok. Heradsstyret har tidlegare vedteke at forbetring i netto resultat av kraftsal utover budsjettert, skal setjast av på eige disposisjonsfond som buffer for drifta. Avsetning til kraftfond er difor på 5,4 mnok i tertialen. Kraftinntektene kan auka ytterlegare i 3. tertial dersom prisnivået held seg.

Kvam herad eig 100 % av Kvam kraftverk AS, som hadde eit betre resultat enn forventa i 2016, og kommunen fekk 1 mnok meir i utbytte enn budsjettert før 2. tertial.

I tertialen er budsjettet og regulert for fleire tilskotssøknader som kommunen har fått tilsagn på, som akuttmedisinsk forskning, kompetanse og innovasjon, rekruttering fastlege, styrking av habilitering og ulike IMDI-tilskot. Dei fleste av tilskota har tilsvarande auke i utgifter, og gjev lite netto utslag på netto driftsresultat.

Ein del av innsparingstiltaka er gjennomført og justert i tertialen. Det er ikkje meldt om større utfordringar, men marginane er knappe og det er ei rekkje utfordringar som kan forverra resultatet, sjå risikovurdering.

1.1 Risikovurdering av driftsbudsjett

I samband med budsjettet for 2017, vart det laga ei risikovurdering for 2017. I tabellen nedanfor ligg vurdering som vart gjort i kolonna «BUD», og ei ny vurdering er gjort etter 1. tertial (1T17) og no 2. tertial.

	BUD	1T17	2T17	2T17	2T17	
Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret	Risiko-nivå (0-9)	Risiko-nivå (0-9)	Sannsyn (0-3)	Konsekvens (0-3)	Risiko-nivå (0-9)	Kommentar 2. tertial
Prisnivå brukarbetalingar/ salsinntekter <ul style="list-style-type: none"> - Statlege satsar på barnehageplass og HO-tenester - Fastsett husleigeauke, 4 % frå 1.5. (konsumprisindeks august - august) - Satsar sjølvfinansierande tenester er fastsett v/bruk av sjølvkostprogram - Sal konsesjonskraft basert på prognose frå kraftmeklar (CA 214 kr /Mwh) 	2	1	1	1	1	Nivået på kraft er oppjustert i 2. tertial på grunn av inngåtte fastpriskontraktar på konsesjonskraft. Nivået på byggjesaksinntektene kan verta lågare enn budsjettert.
Etterspurnad brukarbetalingar/ salsinntekter <ul style="list-style-type: none"> - Som regel stor etterspurnad etter alle kommunale tenester – heller avgrensa av kapasitet og regelverk enn underforbruk 	2	1	1	1	1	Ingen endring i 2. tertial
Refusjonsinntekter <ul style="list-style-type: none"> - Inntektene er som regel forsiktig budsjettert. Det vil seia at dei fyrst vert lagt inn i budsjettet når dei er tildelt. Endringar i inntekta medfører som regel nokolunde tilsvarende endring i utgifter som mva.kompensasjon 	4	4	2	1	2	Kommunen har fått tilsagn på fleire tilskotssøknader, og inntektene er oppjustert i 2. tertial.
Rammetilskot <ul style="list-style-type: none"> - Kommunen nyttar KS sin prognosemodell - Endring etter Stortinget si handsaming - Endring etter folketal 	6	2	1	2	2	Justert i 1. tertial for budsjettforlik og revidert nasjonalbudsjett (RNB). Kan framleis koma endringar i inntektsutjamning.

	BUD	1T17	2T17	2T17	2T17	
Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret	Risiko-nivå (0-9)	Risiko-nivå (0-9)	Sannsyn (0-3)	Konsekvens (0-3)	Risiko-nivå (0-9)	Kommentar 2. tertial
Andre statlege overføringar - Sal heimfallskraft basert på prognose frå kraftmeklar (ca. 214 kr/Mwh)	6	2	1	1	1	Nivået på kraft er oppjustert i 2. tertial på grunn av høgare prisar. Nivået resten av året vert sannsynlegvis høgare enn budsjettet.
Andre statlege overføringar - Vertskommunetilskot - Tilskot flyktningar – mottak fleire/færre	4	4	2	1	2	Tilskot flyktningar er oppjustert i 2. tertial, men vert sannsynlegvis noko høgare enn justert budsjett. Det medfører sannsynlegvis auka utgifter.
Andre overføringar	4	4	1	2	2	Nedjustert i 2. tertial for mindre spelemidlar.
Skatt på inntekt og formue - Kommunen nyttar KS sin prognosemodell med vekst på 2,3 % - Endring etter Stortinget si handsaming - Endring i skatteinngang i løpet av året	9	4	2	2	4	Ingen endring i 2. tertial, etter nedjustering i 1. tertial til 212,8 mnok. Inntektene kan verta lågare, då dei per august var 1,2 mnok under fjoråret, som enda med 212,7 mnok.
Eigedomsskatt - Brukt 7 promille på verk og bruk - Brukt 4 promille på bustader og hytter - Grunnlag kraftverk klart (red. E-skatt med 1,7 mnok). Kan koma ytterlegare nedgang	4	2	3	2	6	Det har kome ein høgsterettsom som kan redusera E-skattegrunnlag for kraftverk. Statnett har klagt, men klagen er ikkje handsama.
Konsesjonsavgift - Fastsett for 5 år om gangen, indeksregulering	1	1	1	1	1	Ikkje større endringar frå år til år, jamn vekst.

	BUD	1T17	2T17	2T17	2T17	
Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret	Risiko-nivå (0-9)	Risiko-nivå (0-9)	Sannsyn (0-3)	Konsekvens (0-3)	Risiko-nivå (0-9)	Kommentar 2. tertial
Lønsutgifter <ul style="list-style-type: none"> - Lagt inn lønsvekst på 2,7 % - Hovudforhandlingar med verknad frå 1.8.17 - Gjennomføra innsparingskrav 	6	4	2	2	4	Sentralt lønsoppgjer og lokal lønspott lågare enn budsjettert, og ein del innsparingskrav er gjennomført. Men høgare aktivitetsnivå og forbruk av vikarar/overtid, gjer at risikonivå vert oppretthalde.
Sosiale utgifter <ul style="list-style-type: none"> - Pensjon er i tråd med prognosar frå KLP og SPK (sjå eigen omtale) - Arbeidsgjevaravgift avheng av lønsutgifter og pensjonsstorleik 	6	4	1	2	2	Prognosane i 2. tertial er nedjustert, og det skal ikkje koma større endringar.
Kjøp av varer/tenester <ul style="list-style-type: none"> - I statsbudsjettet ligg det inne ein prisvekst på 2,2 % - Utgiftene vert ikkje auka med ein generell vekst, men vert vurdert konkret i høve avtalar og liknande. 	4	4	1	2	2	Utgiftene er oppjustert i 2. tertial for tiltak som kommunen har fått tilskot til. Kan framleis koma enkeltsaker som medfører auke.
Overføringar <ul style="list-style-type: none"> - Mva-kompensasjonsutgifter er lik inntektene 1-1 	1	1	1	1	1	Evt. endring gjev tilsvarande endring i utgifter.
Overføringar <ul style="list-style-type: none"> - Kjøp konsesjons- og heimfallskraft skjer til prisar som vet fastsett i januar, med unntak av energiledd 	4	3	1	2	2	Budsjett er auka for auka skatt på kraft (netto auka inntekt) og auka utgifter til sosial hjelp
Renteinntekter <ul style="list-style-type: none"> - Avkastning på obligasjonar basert på erfaring og inkl. krav til ytterlegare avkastning 	4	4	2	1	2	Budsjettinntektene kan vera litt høge, men ikkje justert i 2. tertial.
Utbytte <ul style="list-style-type: none"> - Nivå frå Kvam kraftverk AS fastsett - Nivå frå BKK AS signalisert 	2	1	0	1	0	Motteke 0,5 mnok meir i utbytte frå BKK og 1 mnok meir frå KK
Renteutgifter <ul style="list-style-type: none"> - Det er brukt rentenivå på eksisterande låneavtalar - Nye lån budsjettert med 2 % 	6	3	1	2	2	Gjort rentebindingar under budsjettert nivå og lånt mindre.
Avdragsutgifter <ul style="list-style-type: none"> - Minstefrådrag på 3,5 % av lånesaldo 	3	2	1	1	1	Gjeldsopptak vert sannsynlegvis lågare enn budsjettert

	BUD	1T17	2T17	2T17	2T17	
Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret	Risiko-nivå (0-9)	Risiko-nivå (0-9)	Sannsyn (0-3)	Konsekvens (0-3)	Risiko-nivå (0-9)	Kommentar 2. tertial
Budsjetteringsfeil	4	2	1	1	1	Det er ikkje avdekkja noko i 2. tertial.
Innsparingstiltak - Gjennomføra tiltak	4	4	1	3	3	Nedbemanningsprosess og ein del andre innsparingskrav er fordelt og gjennomført, men det står arbeid att, og marginane i drifta er redusert slik at konsekvensane ved manglande tiltak vert større.
Enkeltsaker	4	4	1	2	2	Ingen større saker så langt i 2017, og sannsynet er justert ned.
Beredskapssituasjonar	3	3	1	3	3	Sannsynet er lite, men konsekvensane kan verta store, og risikonivået vert oppretthalde.

2 Endringar i investeringsbudsjett

Det meste av investeringsbudsjettet gjeld spesifikke investeringsprosjekt. Det kan verta relativt store endringar i årsbudsjettet på grunn av endringar i tidspunkta for gjennomføring av prosjekta.

Utanom investeringsprosjekt, ligg kjøp og sal av eigedomar, aksjar, formidling av Husbanklån, utlån av egne midlar og eigenkapitalinnskot til KLP i investeringsbudsjettet.

Nye investeringsprosjekt skal i størst mogeleg grad handsamant i budsjett/økonomiplan. Hastesaker vert handsama i tertial, eller som enkeltsak ved heilt spesielle høve. Det same gjeld for utviding av projektrammer.

Nye investeringsprosjekt i tertialen:

P60177 – Aktivitetspark Vikøyevjo er lagt inn med 0,3 mnok i tertialen, finainsert med gåvemidlar til Vikøy grendautval som vert vidaresendt til kommunen, og mva.kompensasjonssinntekt.

P62177 – Vegutbetring/trafikksikringstiltak trygge skulevegar – Kvam herad har fått 3,5 mnok i tilskot frå fylket til å utbetra veg og fortau frå Gartveitvegen i Øystese og opp til krysset mot Soldal i løpet av året. Prosjektet er oppretta med 3,5 mnok ekskl. mva., finansiert med tilskot på tilsvarande sum og 0,9 mnok i mva.kompensasjon.

P62178 – Rokabrekka trygdebustader er lagt inn med 0,2 mnok ekskl. mva. til oppgradering av gangveg til Rokabrekka trygdebustader. Prosjektet inneber kablar i gangvegen og handlist i betong og stål. Prosjektet vert finansiert med 0,2 mnok i lån og 0,1 mnok i mva.kompensasjon.

Rammeutviding i tertialen:

P61151 – Kryss Tolo – Buspareklubben – er utvida med 4,4 mnok til 6 mnok ekskl. mva. Etter at kommunen kjøpte del av området, så vil omfang og kommunen sin del av vegkostnaden verta større. Verken prosjektering eller kostnadsfordeling er klar, så projektramma er usikker. Inntil vidare er prosjektet finansiert med lån. Tilskot frå andre utbyggjarar vil koma til fråtrekk i lånesum.

Andre endringar:

P60170 – VA Tangerås kryss ved barnehage – Prosjektet vart oppretta i 1. tertial med ei ramma på 2,5 mnok til oppgradering av vass- og avlaupsanlegg i samband med ny barnehage. Ved gjennomgang av kva som låg i P91141 – Barnehage Strandebarm, finn ein av 0,6 mnok ekskl. mva i dette prosjektet er rettare å føra på P60170, og dette er korrigert i 2. tertial. Totalt er det såleis ikkje ei rammeutviding, men P60170 vert auka med 0,6 mnok ekskl. mva til 3,1 mnok, og P91141 redusert tilsvarande. Sidan P60170 er eit VA-prosjekt med mva.frådrag, går mva.kompensasjon på 0,1 mnok ut, og 0,6 mnok vert dekkja med sjølvfinansierande lån.

Utviding av ramma til P61111 – Renseanlegg vart vedteken i 1. tertial, men justert i 2. tertial. Prosjektet kjem til å verta justert i tid i samband med budsjettarbeidet/3. tertial.

P90131 – Ålvik skule er redusert med 6,6 mnok + 1,65 mnok.

Kommunar som har KLP som pensjonsleverandør, må betala inn eit årleg eigenkapitalinnskot. I 2017 er dette på 2,6 mnok, 0,8 mnok høgare enn budsjettet. Summen er justert i 2. tertial, og finansiert med ubunde kapitalfond.

Kommunen har motteke 0,2 mnok i Husbank-tilskot til tidlegare kjøp av utlegebustad. Midlane er foreslått sett av på bustadfeltfond i tertialen.

3 Balansevurderingar

Kommunen forvalta eigedelar for om lag 2,6 milliardar (mrd) per 31.12.16, der om lag 1,3 mrd var faste eigedomar, anlegg og utstyr. Dei største postane var føremålsbygg som sjukeheimar, omsorgsbustader, skular og barnehagar. Kommunen har omstrukturert og seld fleire bygg seinare år. I 2017 er Steinsdalen skule og Soltorp seld. Skulen vart seld for 0,7 mnok, som er lågare enn balanseverdien, og Soltorp som er nedskriven, vart seld for 2,8 mnok. Skulen i Ålvik er riven i år, og må nedskrivast til 0 (bokført verdi ca 1,2 mnok).

Pensjonsmidlane er den nest største posten (0,8 mrd) og deretter obligasjonar på 0,2 mrd. I tillegg har kommunen eit premieavvik¹ på 84 mnok. Pensjonsmidlane vert forvalta av pensjonsleverandøren KLP og Statens pensjonskasse (SPK) og obligasjonane av Bergen Capital Management. Kommunen sine aksjar/andelar var per 31.12.16 verdsett til 81 mnok, og er klassifisert som anleggsmiddel då midlane er plassert i selskap som kommunen har ei næringspolitisk eller samfunnsmessig motivasjon for å engasjera seg i. Dei største postane er i Kvam kraftverk AS (10), BKK AS (50,6) og eigenkapitalinnskot i KLP (18,5). Postane ligg inne til kjøpsverdi, men i samband med årsskiftet skal kommunen vurdere om verdien skal nedskrivast. Det er ikkje høve til å skriva opp anleggsmiddel til marknadsverdi. Etter fleire nedskrivingar i 2015, ser ikkje rådmannen at det er sannynleg med andre, større nedskrivingar i 2017. Sandvenhagen Næringsbygg AS gjekk konkurs våren 2017, men var allereie avskrive i balansen per 31.12.16.

Vidare utlån av Husbanklån (startlån) til private låntakarar var per 31.12.2016 på 52 mnok. Kundekrav og kortsiktige krav på 50 mnok. Nokre av desse krava går tapt i løpet av året, og det er sett av eit estimert tap på krav i rekneskapen.

På motsatt sida i balansen utgjer langsiktig gjeld 2 mrd, der 1 mrd er kalkulert pensjonsforplikting. Eigenkapitalen til kommunen har fondsmidlar på 0,2 mrd og på kapitalkonto² 0,3 mrd. Anna kortsiktig gjeld er på 0,1 mrd.

¹ Premieavviket er differansen mellom netto pensjonskostnad og innbetalt premie.

² Kapitalkontoen har ein heilt spesiell funksjon i kommunerekneskapen. Saldoen viser i hovudsak kommunen sin samla eigenfinansiering av anleggsmidlar.

4 Søknadar om støtte

Kvam herad mottok jamleg søknader om støtte. Søknader vert generelt vist til politisk handsaming i samband med budsjett/økonomiplan, og ikkje handsama i tertialar eller i enkeltsaker. Dette fordi søknader om støtte stort sett går av kommunen sine ordinære driftsmidlar, og ved handsaming av enkeltsaker får ein ikkje eit heilheitleg bilete av politisk prioritering av driftsmidlane til kommunen. Slik den økonomiske stoda til kommunen er, vil tilskot til eksterne aktørar medføra ytterlegare krav til innsparingar i årsverk i drifta.

Søknader til ordinære støtte- og tilskotsordningar vert handsama for seg, innanfor eigne retningslinjer og budsjetttrammer.

I 1. tertial vart søknad om å oppretthalda forskottering av 1 mnok av spelemidlar til skytebane i Vangdalsåsen innvilga, og 0,3 mnok ekskl. mva. vart sett av i prosjekt til tiltak i Steinsdalen. I 2. tertial har det kome søknad frå Skytterlaga i Kvam, Kvam Pistolklubb, Øystese jeger- og fiskarlag og Hardanger sportsskyttarklubb om å få behalda mva-refusjon knytt til grunnarbeid for enkeltanlegga i Vangdalsåsen. Som del av budsjettvedtaket for 2015 (HST-110/14) vedtok Kvam heradsstyre følgjande:

Skytebane Vangdalsåsen:

Kvam heradsstyre vedtek å utvida ramma med kr. 3 mill. til totalt kr. 13 mill. på prosjekt P70131 Skytebane Vangdalsåsen. Midlane vert tildelt på følgjande vilkår:

- Kr. 1,2 mill. er risikoavsetning i prosjektet. Evt. ubrukt avsetning kjem til frådrag på løyvinga.
- Skytebanenemnda skal søkja om meirverdiavgiftskompensasjon for opparbeiding av felles infrastruktur og grunnarbeid.
- Evt. mva. kompensasjon kjem til frådrag på løyvinga.

Den ekstra løyvinga vert finansiert med Bustadfeltfond, konto 25360003.

Prosjektet kom på om lag 12,7 mnok og kommunen fekk tilbakeført ca. 0,35 mnok. Skytterlaga byrjar no å få mva.kompensasjon på prosjekta. Etter HST-110/14 skal inntektene overførast til Kvam herad, og setjast av på Bustadfeltfondet som kommunen brukte til å finansiera prosjektet med. Sal av eigedomar i Tolomarka skal og setjast av på dette fondet. Så langt er det berre inngått ein opsjonsavtale, og det er lite sannsynleg at eigedomssala vert så høge at dei dekkjer fondsbruken. Ei imøtecoming av søknaden vil føra til at bustadfeltfondet ikkje vert bygd opp att, og at kommunen får mindre fondsmidlar til investeringar. Kommunen må såleis rekna med at prosjektet ikkje vert sjølvfinansierande. Det ligg førebels ikkje inne kompensasjon frå skytterlaga i gjeldande økonomiplan, men mva. inntektene hadde vore gode å ha til finansiering av nye prosjekt. Rådmannen foreslår likevel å gjera om vedtaket og å innfri søknaden om å få behalda inntektene sjølve, då midlane skal brukast til avvikling og sanering av eksisterande anlegg og søkjarane har lagt ned ein formidabel dugnadsinnsats så langt og har høg eigenkapital i prosjektet.

5 Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden januar - august

Tabellen under viser vedtak med økonomiske konsekvensar som er gjort av Kvam heradsstyre og formannskapet i perioden januar - august. Vedtaka er innarbeidd i tertialen.

Møte dato	Saksnr.	Sakstittel	Vedtak i kr	Finansiering
21.02.2016	HST-008/17	Kjøp av aksjar i Næringshagen i Hardanger	50.000	Konto 2530002 – Uttak EK Kvam Kraftverk. Innarbeidd i 1. tertialrapport.

6 Økonomisk hovudoversikt - drift

Økonomisk hovudoversikt – driftsbudsjett, endringer i tertial. Tal i 1.000

DRIFTSINNTEKTER		Rek 2017, Aug	Opph.bud 2017	Budsjett 2017 etter 2. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring i 2. tertial
LN01	Brukarbetalingar	16 098	25 615	25 615	62,8 %	0
LN02	Andre sals- og leigeinntekter	41 122	65 091	74 685	55,1 %	3 800
LN03	Overføringar med krav til motyting	48 115	78 646	81 216	59,2 %	1 749
LN04	Rammetilskot frå staten	195 154	278 874	277 972	70,2 %	0
LN05	Andre statlege overføringar	37 778	52 736	62 608	60,3 %	9 872
LN06	Andre overføringar	2 374	6 380	5 650	42,0 %	-670
LN07	Skatt på inntekt og formue	127 872	216 327	212 778	60,1 %	0
LN08	Eigedomsskatt	20 907	41 300	41 300	50,6 %	0
LN09	Andre direkte og indirekte skattar	96	4 062	4 062	2,4 %	0
LN10	Sum driftsinntekter	B	489 516	785 886	62,3 %	14 750
DRIFTSUTGIFTER		Rek 2017, Aug	Opph.bud 2017	Budsjett 2017 etter 2. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring i 2. tertial
LN11	Lønsutgifter	263 916	405 372	410 594	64,3 %	3 712
LN12	Sosiale utgifter	80 064	110 549	110 064	72,7 %	163
LN13	Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	52 166	93 506	96 579	54,0 %	1 315
LN14	Kjøp av tenester som erstatter kommunal tjenesteproduksjon	29 529	43 990	44 990	65,6 %	400
LN15	Overføringar	48 527	72 200	78 970	61,4 %	4 664
LN16	Avskrivningar	0	39 984	39 984	0,0 %	0
LN17	Fordelte utgifter	-321	-2 996	-3 315	9,7 %	-319
LN18	Sum driftsutgifter	C	473 881	777 866	60,9 %	9 936
LN19	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	D=B-C	15 635	8 020	195,0 %	4 814
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER		Rek 2017, Aug	Opph.bud 2017	Budsjett 2017 etter 2. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring i 2. tertial
LN20	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	13 746	15 904	17 404	79,0 %	1 001
LN21	Gevinst finansielle instrumenter	0	200	200	0,0 %	0
LN23	Sum eksterne finansinntekter	E	13 746	17 604	78,1 %	1 001
LN24	Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	14 304	21 561	21 561	66,3 %	0
LN25	Tap finansielle instrumenter	39	200	200	19,5 %	0
LN26	Avdragsutgifter	664	34 120	34 120	1,9 %	0
LN28	Sum eksterne finansutgifter	F	15 007	55 881	26,9 %	0
LN29	Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	-1 261	-38 277	3,3 %	1 001
LN30	Motpost avskrivningar	0	39 984	39 984	0,0 %	0
LN31	NETTO DRIFTSRESULTAT	I	14 374	9 727	147,8 %	5 815
AVSETNINGAR		Rek 2017, Aug	Opph.bud 2017	Budsjett 2017 etter 2. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring i 2. tertial
LN33	Bruk av disposisjonsfond	0	1 530	4 078	0,0 %	0
LN34	Bruk av bundne fond	1 190	15 062	10 133	11,7 %	-245
LN35	Sum bruk av avsetningar	J	1 190	14 211	8,4 %	-245
LN36	Overført til investeringsrekneskapet	0	200	200	0,0 %	0
LN38	Avsetningar disposisjonsfond	0	16 905	17 289	0,0 %	5 340
LN39	Avsetningar til bundne driftsfond	288	6 119	6 449	4,5 %	230
LN40	Sum avsetningar	K	288	23 938	1,2 %	5 570
LN41	Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	L=I+J-K	15 276	0	0	0

Kommentar til tabell (tal i 1.000 i tabell):

Sum driftsinntekter er auka med 14,8 mnok i tertialen

LN02 – Inntektene har auka med 3,8 mnok. Sal av konsesjonskraft er auka med 4 mnok, medan sal av IT-tenester i bustad er redusert med 0,2 mnok (tilsvarande reduksjon i IT-utgift på LN13)

LN03 – Refusjonsinntekter er auka med 1,7 mnok. Kommunen har fått fleire tilskot til å auka kompetansen innan PLO-tenester (1,3), rekruttering fastlege (0,3), akuttmedisinsk forskning (0,3) og kommunepsykolog (0,1). Inntekt dialyse auka med 0,1 mnok og ressurskrevjande brukarar med 0,3. Det er og ein auke i tilskot frå IMDI til landbruksprosjekt (0,1) og tidleg innsats 1-4. trinn er auka med 0,9 mnok. Kommunen får og 0,1 mnok til drift av uteområdet til Kabuso.

Tilskotet til ruskonsulent er redusert med 0,1 og tilskotet til einslege mindreårige flyktningar med 1,7 mnok.

LN04 – Ingen endringar.

LN05 – Andre statlege overføringar er auka med 9,9 mnok, der tilskot frå IMDI aukar med 5,7 mnok og sal heimfallskraft med 4,2 mnok.

LN06 – Andre overføringar er redusert med 0,7 mnok. Spelemidlar ser ut til å verta 0,9 mnok lågare enn budsjettert medan kommunen mottok 0,2 mnok frå private utbyggjarar til offentlege parkeringsplassar.

LN07 – Ingen endringar.

LN08 – Ingen endringar.

LN09 – Ingen endringar.

Sum driftsutgifter aukar med 9,9 mnok i tertialen

LN11 – Lønsutgiftene viser ein netto auke på 3,7 mnok.

0,7 mnok av auken gjeld auka lønsutgifter til tidleg innsats 1.-4. trinn og 0,3 mnok til IMDI-tiltak.

Lønsutgifter til arbeid med ressurskrevjande brukarar er auka tilsvarende som tilskotet (0,3).

0,8 mnok er auka for å gjennomføra kompetansetiltak som kommunen har fått støtte til (ref LN03)

Fosterheimsgodtgjersle er auka med 0,7 mnok. I tillegg gjeld om lag 1 mnok omfordeling av innsparingskrav frå løn til andre tiltak.

LN12 - Sosiale utgifter er auka med 0,2 mnok i arbeidsgjevaravgift etter korreksjonar i løn.

LN13 – Kjøpet har auka med 1,3 mnok. 1,1 mnok av auken er til kompetansehevande tiltak, som kommunen har fått tilskot til (LN03) og 0,3 mnok til utgiftsdekning i fosterheim. IKT-utgifter er redusert med 0,2 mnok.

LN14 – Kjøp av private er auka med 0,4 mnok i kjøp av tenester frå fylkeskommunen til einslege mindreårige flyktningar.

LN15 – Auken på 4,7 mnok skuldast høgare skatt på kraftinntekter til staten (2,5 mnok), auka sosiale utgifter på 1,5 mnok til flyktningar, 0,4 mnok i hjelpetiltak i barnevernet og 0,2 mnok i høgare kraftprisar.

LN16 – Ingen endringar.

LN17 – Reduksjonen på 0,3 mnok gjeld intern overføring av midlar til introduksjonsskule.

Eksterne finanstransaksjoner er auka med 1 mnok.

Utbytte frå KK er auka med 1 mnok.

Netto driftsresultat etter 2. tertial er 5,8 mnok betre enn i 1. tertial

Fondsdisponeringar

Bruk av bundne fondsmidlar er redusert med 0,2 mnok. Det er foreslått å auka avsetning til kraftfond (disposisjonsfond) med 5,3 mnok, og 0,2 mnok til bundne fond for parkeringsplassar.

7 Skjema 1A

Tabellen under viser inntektene og fondsdisponeringane til kommunen, som vert fordelt på dei ulike rammeområde (Kostra-tema) i skjema 1B. Tal i 1.000. Budsjettendringane er kommentert under «Økonomisk hovudoversikt – drift».

Inntekter og fondsdisponeringar (i 1.000 kr)	Rekneskap, hittil i år	Budsjett, opphavleg	Budsjett, justert 2T17	Forbruk i %, hittil i år	Budsjettendring
1. Skatt på inntekt og formue	127 872	216 327	212 778	60,1%	0
2. Ordinært rammetilskot	195 154	278 874	277 972	70,2%	0
3. Skatt på eigedom	20 907	41 300	41 300	50,6%	0
4. Andre direkte eller indirekte skatter	96	4 062	4 062	2,4%	0
5. Andre generelle statstilskot	37 778	52 736	62 608	60,3%	9 872
6. Sum frie disponible inntekter	381 807	593 299	598 720		9 872
7. Renteinntekter og utbytte	13 746	15 904	17 404	79,0%	1 001
8. Gevinst finansielle instrumenter	0	200	200	0,0%	0
9. Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	14 304	21 561	21 561	66,3%	0
10. Tap finansielle instrumenter	39	200	200	19,4%	0
11. Avdrag lån	664	34 120	34 120	1,9%	0
12. Netto finansinntekter / -utgifter	-1 261	-39 777	-38 277	3,3%	1 001
13. Til dekning av tidlegare underskot	0	0	0	#DIV/o!	0
14. Til ubundne avsetningar	0	16 905	17 290	0,0%	5 340
15. Til bundne avsetningar	288	6 119	6 449	4,5%	230
16. Bruk av tidlegare overskot	0	0	0	#DIV/o!	0
17. Bruk av ubundne avsetningar	0	1 530	4 078	0,0%	0
18. Bruk av bundne avsetningar	1 190	15 062	10 133	11,7%	-245
19. Netto avsetningar	902	-6 432	-9 528	-9,5%	-5 816
20. Overført til investeringsrekneskapet	0	200	200	0,0%	0
21. Til fordeling	381 448	546 890	550 716	69,3%	5 057
22. Sum fordelt (skjema 1B)		546 890	550 716		5 057
23. Rekneskapsmessig meirforbruk(+)/mindreforbruk(-)	381 448	0	0		0

8 Skjema 1B

Tabellane under viser korleis midlane frå skjema 1A er fordelt på Kostratema for Kvam herad. Normalforbruket per 1. tertial er 36,8% på fastløn og 33,3% for jamne utgifter, og 63,2 % på fastløn og 66,7 % for jamne utgifter i 2. tertial. På grunn av at dei store utgiftene og inntektene ikkje kjem jamleg gjennom året, vil forbruksprosenten ofte avvika frå normalforbruket. Sosiale utgifter og avskrivning vert presentert i eigen tabell, då dei som regel fordeler seg på dei fleste rammeområde, og ikkje er noko dei budsjettansvarlege påverkar direkte. Tal i 1.000.

8.1 Fordeling per Kostra-tema, eksl. sosiale kostnader og avskrivning

	Regnskap, hittil i år	Budsjett, opphavleg	Budsjett, justert 2T	Forbruk i %, hittil i år	Budsjett- endring
ALLE	286 108	436 341	440 652	65	4 894
Finans og fellespostar	14 239	-6 540	135	10 533	563
Styring og kontrollverksemd	2 377	4 733	4 745	50	12
Administrasjon	18 657	28 991	27 678	67	-231
Barnehagar	27 942	49 119	50 862	55	1 175
Grunnskuleopplæring	61 270	102 779	102 104	60	-1 264
Kommunehelse	14 420	24 676	24 889	58	0
Pleie og omsorg	97 073	130 691	127 329	76	-5
Sosialteneste	21 011	30 041	31 465	67	1 424
Barnevern	8 771	15 130	18 379	48	3 785
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-3 895	-6 042	-10 810	36	0
Plansak, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og nærmiljø	3 241	9 042	8 320	39	-440
Kultur	10 487	18 272	21 002	50	1 000
Kyrkja	3 722	5 622	5 622	66	0
Samferdsel	3 155	7 636	7 706	41	0
Bustad	-8 086	-10 112	-9 952	81	0
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	5 385	19 980	18 790	29	-1 190
Brann- og ulykkesvern	5 404	7 821	7 886	69	65
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	932	4 501	4 501	21	0

Finans og fellespostar er auka med 0,3 mnok til introduksjonsskule og 0,2 mnok i omfordeling innsparingskrav.

Styring og kontrollverksemd er endra for fordeling av lønspott.

Administrasjon er redusert med 0,2 mnok for fordeling av lønspott.

Barnehagar er auka med 1,2 mnok i omfordeling av innsparingskrav.

Grunnskuleopplæring er redusert med 1,3 mnok der 0,3 mnok gjeld introduksjonsskule, 0,2 mnok netto til tidleg innsats 1.-4. trinn, 1,2 mnok i IMDI-tilskot og 0,4 mnok i auke til omfordeling av innsparingskrav.

Kommunehelse ingen netto endring.

Pleie og omsorg ingen større netto endringar.

Sosialteneste er auka med 1,4 mnok for endra IMDI-tilskot.

Barnevern er auka med 3,8 mnok for endring i IMDI-tilskot.

VAR ingen større endringar.

Plan m.m. er redusert med 0,4 mnok for 0,2 mnok i inntekt for parkeringsplassar, 0,1 mnok i avslutning av P71095 og 0,1 mnok i inntekter frå Kabuso.

Kultur er auka med 1 mnok netto i spelemidlar.

Samferdsel ingen større endringar.

Bustad ingen større endringar.

Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft er redusert med 1,2 mnok netto.

Brann – og ulykkesvern er auka med 0,1 mnok netto til kurs.

8.2 Fordeling per Kostra-tema, sosiale kostnader og avskriving

	Regnskap, hittil i år	Budsjett, opphavleg	Budsjett, justert	Forbruk i %, hittil i år	Budsjett- ending
ALLE	80 064	110 549	110 064	73	164
Finans og fellespostar	4 944	-6 465	-3 680	-134	0
Styring og kontrollverksemd	269	546	537	50	0
